

Kristian Aulie Mørk  
Gjeble Pederssøns Gate 19  
5034 Bergen

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 23/3965 - 23/38276

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:  
16.05.2023

## Pålegg om umiddelbar stopp i arbeidet - GBNR 12/19 Veland - veg i strandsona

**Tiltak:** mogleg ulovlig tiltak  
**Byggjestad:** Gbnr 12/19 Veland  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søker:**

### VEDTAK

- 1. Pålegg om umiddelbar stans i arbeidet**  
Kommunen pålegg deg å stoppe arbeidet som pågår med vegen på din eigedom.
- 2. Tvangsmulkt**  
Eingongsmulkt på kr. 15.000,- vert tilagt fredag 19.05.2023 dersom arbeidet ikkje er stansa.  
  
Løpende dagmulkt på kr. 500,- vert tilagt frå og med fredag 19.05.23 dersom arbeidet ikkje er stansa.

Du må stadfeste skriftleg til kommunen at arbeidet er stoppa.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 32-4.

### Grunngjeving for vedtaket

Kommunen var på uvarsle synfaring i dag 16.05.2023. Vi gav munnleg stoppordre til førar av gravemaskin og til deg i telefonamtale på staden. Dette brevet er ei stadfesting av stoppordren.

Du disponerer eigedomen og er derfor ansvarleg for at reglane i plan- og bygningslova følgjast. Det er også klart at det er du som er ansvarlig for arbeidet som er utført. Vår vurdering under synfaringa er at dette er eit søknadspliktig tiltak i strandsona. Vi ser dette som ei oppgradering og utviding av vegen, ikkje vedlikehald. Etter ei gjennomgang i vårt saksarkiv, kan vi ikkje sjå at tiltaket er omsøkt.

Vi varslar også at du i starten av neste veke vil få eit brev frå oss der vi kjem til å informere om korleis du kan rette tiltaket ved å søke om å få det godkjent eller ved å tilbakeføre området til opprinnelig stand.

### **Informasjon om retten til å klage**

Du har rett til å klage på vedtaket. Klagen må sendast til oss **innan 3 veker** frå dette vedtaket vart mottatt.

### **Kva ansvar har ein eigar av ein eigedom?**

Den som eig ein eigedom er ansvarleg for at alle endringar som er utført på eigedomen er i henhold til plan- og bygningsloven (tbl) og gitte løyve. Det betyr at noverande eigar er ansvarleg, sjølv om det er tidlegare eigar som har utført arbeida.

### **Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?**

Ta kontakt med saksbehandlar på tlf. **5637 5000**, eller på e-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).

Ved vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer 23/3965, eventuelt GBNR 12./19.

### **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å søkje om tiltaket fremgår av plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2 jf. § 20-1, første ledd, bokstav I
- Kommunen si plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 første ledd.
- Vår rett til å gje pålegg om umiddelbar stans i arbeidet følgjer av plan- og bygningslova § 32-4
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kristian Aulie Mørk

Gjeble  
Pederssøns  
Gate 19

5034

Bergen